



Førsteamanuensis (20 % bistilling) i medisin (dermatovenerologi)

Ved Det medisinske fakultet, Klinisk institutt 1, er det ledig ei åremålsstilling som førsteamanuensis (20 % bistilling) i medisin (dermatovenerologi) i 3 (tre) år frå tilsetjing. Bistillinga er knytt til fast hovudstilling ved Haukeland universitetssjukehus, ved Seksjon for hudsjukdommar. Arbeidsstad er ved dette sjukehuset.

Ein stillingsomtale med nærare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som det vert lagt vekt på ved tilsetjinga, kan ein finna lenger nede på denne sida.

Utfyllande opplysingar om stillinga kan ein få ved å venda seg til instituttleiar professor Kjell-Morten Myhr, tlf.: +47-41447868, e-post: kjell-morten.myhr@uib.no

Kvalifikasjonar

Den som vert tilsette må ha norsk doktorgrad i relevant fagområde eller tilsvarande kompetanse, og vere godkjent spesialist i Hud og veneriske sjukdommar. Det vert vidare kravd dokumentert vitenskapleg kompetanse i samsvar med kompetansekrav for vitenskaplege stillingar ved Det medisinske fakultet.

Det vil verte lagt vekt på erfaring innan leing av forskingsprosjekt, koordinering av forskingsaktivitet, samt frå forskingsstrategisk arbeid. Det vil vidare verte lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

Vi kan tilby

- eit godt og internasjonalt arbeidsmiljø og spanande arbeidsoppgåver i eit fakultet med fagmiljø som hevdar seg godt nasjonalt og internasjonalt
- faglege utfordringar med gode høve for personleg utvikling og kompetanseutvikling
- god pensjonsordning i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Du kan lese meir om kva Universitetet i Bergen kan tilby som arbeidsgivar ved å gå inn på nettsida: <http://www.uib.no/poa/74687/hva-kan-universitetet-tilby-sine-medarbeidere>

Løn

Førsteamanuensis vert lønt etter lønssteg 66 (kode 8028/lønsramme 24.8), for tida kr 579 300 eller lønssteg 68 (spesialist) for tida kr 600 200. Løn er brutto pr. år for ei fulltidsstilling i lønsregulativet til staten ved tilsetjing, og vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. Det vert trekt 2 % pensjonsinnskott til Statens pensjonskasse. For særleg kvalifisert søkjar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn. Løn er under justering.

Retningslinjer

Den som vert tilsette pliktar å ta del i undervisning og eksamen etter dei studieordningane so m gjeld til kvar tid og til utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvalifisering i Personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar utvida offentleg dokumentinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsette må rette seg etter dei retningslinjene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad

Slik søkjer du stillinga:

Send søknad og CV som inneheld fullstending oversikt over tidlegare utdanning og tidlegare arbeid/erfaring, samt vedlegg elektronisk via lenkja «Søk stillingen» på denne sida.

Legg ved:

- vitnemål og attestar
- fullstendig publikasjonsliste
- liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar
- ei liste over vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysning om kvar dei er offentleggjorde
- **vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 10)**

Det er særst viktig at kvart av dei vitenskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden (pdf).

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksam på at søknader vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er søker sitt ansvar at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Ein viser til "Reglement for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger".

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

STILLINGSOMTALE

FØRSTEAMANUENSIS (20 % bistilling) i medisin (dermatovenerologi)

Ved Det medisinske fakultet, Klinisk institutt 1, er det ledig ei åremålsstilling som førsteamanuensis (20 % bistilling) i medisin (dermatovenerologi) i 3 (tre) år frå tilsetjing. Bistillinga er knytt til fast hovudstilling ved Haukeland universitetssjukehus, ved Seksjon for hudsjukdommar. Arbeidsstad er ved dette sjukehuset.

Om instituttet

Klinisk institutt 1: <https://www.uib.no/k1>

Hovudoppgåva for stillinga er forskning, undervisning og formidling innan dermatovenerologi.

Dette er eit ønske at forskinga skjer i samarbeid med andre forskarmiljø, og internasjonalt nettverk er eit føremon. Seksjon for hudsjukdommar ønskjer å bidra i translasjonell forskning, og søker må også vere villig til å bidra i oppbygging av biobank for hudsjukdommar. Ein ber om at pågåande forskning vert dokumentert. Den tilsette pliktar til å medverka til aktiv rekruttering og forskingsretteleing av studentar og stipendiatar, og å fremja forskinga ved universitet og sjukehus. Det er ynskjeleg at forskinga vert knytt opp mot prioriterte forskingsområde ved Det medisinske fakultet.

Den som vert tilsett vil få delansvar for utforming av undervisninga i hud- og veneriske sjukdommar i samsvar med den til kvar tid gjeldande studieplan, og for undervisning av studentar. Det vert venta at ein tar ansvar for oppbygging av eit aktivt forskingsmiljø, og at ein legg fram plan for eiga forskning, med utgangspunkt i institusjonen sin forskingsstrategi.

Søklarar må dokumentera undervisnings- og administrativ erfaring, samt erfaring med populærvitenskapleg formidling.

Den som vert tilsett har plikt til å ta del i undervisning og eksamensavvikling ved instituttet i dei studieprogram og etter dei studieordningar som gjeld til ei kvar tid.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor normal arbeidsplikt og fagleg kompetanse kan den som vert tilsett også verte pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det vert kravd at den som vert tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Det vil verte lagt vekt på erfaring innan leiing av forskingsprosjekt, koordinering av forskingsaktivitet, samt frå forskingsstrategisk arbeid. Det vil vidare bli lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.

Den som vert tilsett må rette seg etter det regelverket som til ei kvar tid gjeld for stillinga. Stillingsinnehavar må og på førespurnad eventuelt delta i instituttet sine styringsorgan, utval og anna arbeid.

Universitetet i Bergen understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggjast reell vekt ved tilsetjing i vitenskaplege mellom- og toppstillingar. Søklarane må dokumentere sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved innsending av:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkeren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- oversyn over hovudfags- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, slik som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Tilsetjinga går føre seg på grunnlag av vurdering av ei vitenskapleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande organ inkludert intervju og eventuell prøving av undervisningskompetanse.

Jobbnorge-ID: 154872, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut